

Vestland fylkeskommune
Eva Hamre

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/405 - 23/5031

Sakshandsamar:

Kristin Kvamme Rasch

kristin.kvamme.rasch@masfjorden.kommune.n

o

Dato:

31.05.2023

Søknad om LTU-midlar 2023

Viser til invitasjon om å søkje på LTU -midlar for 2023. Masfjorden kommune søkje for fyrste gong på LTU- midlar. På vegne av Ungdomsrådet søkjer Masfjorden kommune om kroner 124 250.

Behov for midlar

Masfjorden kommune er ein stor geografisk kommune med store avstandar mellom bygdene, og dårleg offentleg transporttilbod utover skuleruta.

Masfjorden kommune har over tid fått attendemelding frå ungdommen gjennom «ungdata» og ungdomsråd at born og unge ynskje å møtast meir på tvers av kommunen og nabokommunen på fritida.

Store avstandar og mangel på transporttilbod gjer det krevjande for ungdommen å møtast på tvers i fritida. Dette kan føre til einsamheit og misstrivsel på heimstaden. Føresette køyrer borna sine til og frå fritidsaktivitetar i vekedagane, gjerne opptil fleire mil pr kveld.

Satsing

Masfjorden kommune ynskje å gje ungdommen fleire møtepunkt på fritida, ei meir aktiv fritid med trivsel og tilhøyrslø.

Lokasjonar har vi i kvar bygd, men det er transporten som er ei utfordring. Masfjorden kommune ynskjer at alle born og unge skal få eit likeverdig tilbod uansett kvar dei bur i kommunen. Born og unge skal få delta på sosiale arena uavhengig av føresette si inntekt og sosial status.

Det er svært positivt at Vestland fylkeskommune no lyster ut LTU prosjekt midlar. Transport kostnadane i distrikta er svært høg og det vil då vere enklare med LTU midlar å realisere satsingsområde til Masfjorden kommune, med å gje born og unge ei meir aktiv fritid med trivsel og tilhøyring.

Prosjektskildring

Kommunen har tre storskular der det kan gjennomførast større arrangement. For å sikre oss at alle får ei tilhøyrsløse til arrangementa er det ynskjeleg at alle skulane har sine arrangement. Det er og kome fram at dei ynskje å delta på felles arrangement i nabokommunen. Kommunen har mykje samarbeid på tvers med nabokommunen, så det er heilt naturleg å delta på arrangement der. Midlane blir prioritert til arrangement for alder 13-19 år.

Forvaltning og organisering

Midlane vil vi kalle «heim for ein 50-lapp» Dette er summen på eigenandelen. Ungdomsrådet forvaltar transportmidlane og tar handsaming av søknadane, her er det viktig at arrangørane er godt informert om midlane og søkje i god tid. Det vil vere to i rådet som blir transportansvarleg som tek i mot påmelding og tinga skyss.

Vi vonar på positivt attendemelding for LTU-midlar for 2023, slik at ungdommen vår kan få ei meir aktiv fritid og komme seg trygt fram og attende frå sosiale samankomstar.

Sjå vedlagt søkarskjema for oversikt over transportkostnadar til transporttiltak.

Kontonummer: 32014854958

Org. nummer :945627913

Med helsing

Kristin Kvamme Rasch
frivilligkoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

LTU Søknadsskjema for Masfjorden kommune

Kopi til:

Rita Ludvigsen	Osterøyvegen 2136	5282	LONEVÅG
Svein Helge Hofslundsengen Svein Viktor Ellingbø	Øyna 12 økonomileiar	5913	EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen